



Til kunngjering

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/1511 - 23 / TORSKJ

Dato:

08.04.2020

Forlenging - Forskrift om stenging av campingplasser, bobilcamping og gjestehamner samt forbod mot overnatting på slike verksemder i Sykkylven kommune

Fastsett av kommuneoverlegen i Sykkylven kommune i samråd med kriseleiinga med heimel i lov 5.august 1995 om vern mot smittsame sjukdommar (smittvernlova) § 4-1 første ledd bokstav b), jf.femte ledd.

§ 1 Formål

Forskrifta sitt formål er å avgrense smittespreiing av Covid-19 og ta vare på kommunen sin kapasitet innanfor helse- og omsorgssektoren.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld innanfor Sykkylven kommune sine grenser.

§ 3 Forbod mot overnatting på campingplass, utleiehytte og gjestehamn i anna kommune enn heimstadkommune

Personar som ikkje er fast busett i Sykkylven kommune har forbod mot overnatting på kommunal grunn, campingplass, bobilcamping, spikertelt, andre område med oppstilling av campingvogner, gjestehamn eller anna verksemder som driv hytte-/leilighetsutleige i Sykkylven kommune. Strengt nødvendig vedlikehald eller tilsyn som er nødvendig for å avverge materiell skade er tillate.

Forbodet etter første ledd gjeld ikkje personar som må overnatte for å utføre yrkesmessig arbeid og der overnattinga skjer i hytter eller liknande som har innlagt vann og avløp, eige bad/wc og kjøkken.

Forbodet etter første ledd gjeld heller ikkje personar som er i karantene etter § 2 i forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19 (FOR-2020-03-15-294) fordi dei deler husstand med ein som er bekrefta smitta av SARS CoV-2-virus i perioden den smitta er i isolasjon etter § 4 i forskriften.



§ 4 Stenging av campingplassar, bobilcamping og gjestehamner

Kommunen pålegg campingplassar, bobilcamping, gjestehamner eller anna verksemd som driv hytte-/leilighetsutleige å halde felles sanitæranlegg stengt.

Verksemndene kan berre halde ope for å betjene utleige av overnatningsfasilitetar som har innlagt vatn og avløp, og som har eige bad/wc og kjøkken. Det er ikkje tillate å leige ut til andre enn dei som lovleg kan overnatte i tråd med denne forskrifta.

§ 5 Økonomisk ansvar

Sykkylven kommune tek ikkje på seg økonomisk ansvar som følgje av pålegg gitt i denne forskrifta , jf. Helse og sosialdepartementets rundskriv I-2/2020

§ 6 Varighet

Forskrifta gjeld fram til og med 20. april 2020. Vedtaket kan verte forlenga.

Jonas Vegsundvåg
kommuneoverlege

Eli Otterlei
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur